

# Hjelmeland SV – eit utfordrande val




Foto: Øyvind Øaland

For dei mange  
– ikkje for dei få

sv.no

# Eit Hjelmeland for dei mange

**Hjelmeland er ein kommune med store ressursar. Mektige fjell, fruktbare flater, grønne lier og djupe fjordar. Menneske frå alle verdas hjørne, med gammal kunnskap og nye tankar. Me i Hjelmeland SV vil verna om velferdssamfunnet. Me vil ta vare på den uerstattelige naturen vår. Me vil ha eit mangfaldig næringsliv.**

For å begrensa klimaendringane som trugar alt liv på jorda er me nøyde til å drastisk redusera utsleppet av klimagassar. SV vil

- erstatta fossildrivne kommunale køyretøy med elektriske når det er mogleg
- prosjektera minst to solcelleanlegg på kommunale bygg i perioden
- betra tilhøva for gåande og syklande langs kommunale vegar
- ha eit godt kollektivtilbod til innbyggjarane med buss, ferje og hurtigbåt

Forureining, utbygging og annan menneskeleg aktivitet gjer at planter, insekt og dyr forsvinn i eit katastrofalt tempo. SV vil

- verna verdifulle naturtypar
- ha slutt på sprøyting langs kommunale vegar
- ha ei streng handheving av byggjeforbodet i strandsona

Bruk av naturressursar som skogbruk, jordbruk, havbruk og masseuttak er viktig i kommunen vår. SV vil

- ha eit aktivt skogbruk med klima- og naturvennlege driftsmåtar
- ha eit sterkt vern av matjord
- ha oppdrettsverksemd som ikkje forureinar med rømd fisk, lakselus eller kjemikaliar

## EIT GRØNT OG MANGFALDIG NÆRINGS LIV

For å bli eit levande, livskraftig samfunn må Hjelmeland ha eit mangfald av små og store arbeidsplassar. SV vil

- halda fram satsinga på fruktnæringa
- ha ei heilskapleg arealplanlegging til næringsformål
- prioritera lokale leverandørar av varer og tenester ved kommunale innkjøp
- auka den kommunale satsinga på eit berekraftig reiseliv

## SV-KOMMUNEN

Gode kommunale tenester til innbyggjarane er avgjerande for eit trygt og godt samfunn. Hjelmeland kommune skal tilby tenester av høg kvalitet og vera ein trygg arbeidsstad. SV vil

- ha god bemanning med kompetent personale i skule og barnehage
- prioritera vedlikehald av kommunale bygg
- tilby heiltidsstillingar til kommunen sine tilsette
- ha fleire kompetente kommunalt tilsette framfor å leiga inn kostbare vikarar og konsulentar
- oppretthalda det svært gode helsetilbodet me har. Me vil jobba for god legedekning og igjen å få jordmor i kommunen
- ha ein god kulturskule for alle med eit mangfaldig tilbod



Foto: Øyvind Oaland



Foto: Øyvind Oaland



## 1. kandidat Silje Sværen (47)

- Eg vil jobba for eit sterkt lokaldemokrati, der det er kort veg frå innbyggjarane til makta. Våre felles midlar skal gå til utdanning og velferd, ikkje til profit. Kommunen skal framleis vera ein trygg og ansvarleg arbeidsgivar. Naturressursane våre gir oss gode høve til å leda an i «Det grønne skiftet», men det ligg og eit stort ansvar på oss for å verna naturen vår mot nedbyggjing og forureining. Folk vil ha endring – eg er klar til å ta jobben!

Trykkt på miljøvennlig papir

## Bli med!

Me vil gjerne ha deg med i lokallaget vårt! Som medlem kan du påvirka politikken vår, engasjera deg for lokalsamfunnet ditt og treffa andre SV-arar.

Du kan lesa meir om partiet, politikken og medlemskap på [www.sv.no](http://www.sv.no).



### Meld deg inn i SV!

Send «innmelding [ditt namn]  
[din e-post] [adressa di]» til  
2090 (100 kroner)

**Rogaland SV**  
Postboks 447  
4001 STAVANGER  
tlf 51 89 63 53  
[rogaland@sv.no](mailto:rogaland@sv.no)